

Musea i Sogn og Fjordane
Gota 16
6823 SANDANE

Dykkar ref

Vår ref

Dato

19/1376-7

19. oktober 2020

Endringar i statsbudsjettet 2020 - tilleggstilskot

Vi syner til tilskotsbrevet frå Kulturdepartementets dagsett 18. desember 2019 til Musea i Sogn og Fjordane.

1. Tilleggstilskot for 2020

Stortinget handsama 9. oktober 2020 framlegg til endringar i statsbudsjettet for 2020 under Kulturdepartementet, jf. Prop. 142 S (2019-2020) og Innst. 19 S (2020-2021). Som lekk i økonomiske tiltak i møte med virusutbrotet er det på kap. 325 *Allmenne kulturformål*, post 77 *Kompensasjons- og stimuleringsordningar for arrangører på kultur-, frivillighets- og idrettsfeltet* løyvd i alt 1,9 mrd. kroner. Av dette skal 130 mill. kroner nyttast til å styrkja alt eksisterande ordningar.

Med bakgrunn i dette er det sett av auka midlar til ei rekkje kunstmuseum øymerka innkjøp av samtidskunst. Midlane skal nyttast til kjøp av samtidskunst, kunsthåndverk og design, frå galleri og visningsstader i Noreg eller om naudsynt direkte frå kunstnaren. Siktemålet er å stimulera skapande kunstnarleg aktivitet i alle delar av landet.

Kulturdepartementet tildeler med dette Musea i Sogn og Fjordane eit eingongstilskot på kr 1 000 000. Tilskotet er løyvd under kap. 325, post 77.

Tilskotet vil verta utbetalt til dykkar konto nr. 3705 16 96647 om kort tid.

2. Vilkår knytte til tilleggstilskotet

Mål, føresetnader og krav til rapportering i tilskotsbrevet dagsett 18. desember 2019 gjeld for tilleggstilskotet med.

3. Rapportering

Rapportering for bruk av tilleggstilskotet skal inngå i den ordinære rapporteringa frå museet til Kulturdepartementet.

Med helsing

Stein Sægrov (e.f.)
avdelingsdirektør

Natalia Ryan
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Norsk kulturråd
Vestland fylkeskommune